

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: A

Motivgruppe: natur og landskap



Framlegg til blasonering:

«I blått fire sølv fjellsider leder tre fjordmunninger mot havet»


Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Ja
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Positivt med eitt fokuspunkt, balanse mellom flater og linjer fin harmoni. Enkel og treffande bodskap. Fin balanse, ulike vinklane gjev særpreg. Forslaget fungerer bra. Det er tydeleg men ikkje overtydeleg. Det negative mellom rommet er forma som eit timeglass. Må unngå banale, sarkastiske fortolkingsmoglegheiter, det er fare for dette her. For symmetrisk og ingen dynamikk- dissens- ambivalent i forhold til.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargebruken er i tråd med retningslinene.
Er motivet samlande og treffande for vestland fylke?	Fjord er karakteristisk for vestlandet og forslaget er ein tydeleg fjord. Kan oppfattast som to delar som står i mot kvarandre.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Forslaget kan gjevast assosiasjonar til eit skjortebryst med slips. Fagkomiteen er delt i samla vurdering, derfor vert forslaget vurdert som ueigna.
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: A

Motivgruppe: kultur og historie



Framlegg til blasonering:

«I blått en sølv fylt oval tangerer skjoldets tre sider»

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Ja
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Ovalen vert for stor og dominerande. Den er vakker, men fungerer ikkje som noko som skal fortelje noko – den seier ingen ting. Den ber om å bli utfylt
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Ja, den er i tråd med retningslinene.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Forslaget er lite eigna og gjev ingen assosiasjonar. Må ha forklaringar for å gje mening.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: A

Motivgruppe: Samtid



Framlegg til blasonering :

«I blått et sølv fjell gjennomskåret av en fjord»

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Ja
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Kan oppfattast som om den høyrer heime i kategorien natur.
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Forslaget er dårleg utforma. Det er eit design som ikkje vil halde seg over tid. Dårlig balanse i komposisjonen.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargane er i tråd med bestillinga. God grunngjeving for bruk av blåtone.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Trur ikkje motivet verkar samlande då det ikkje gjev nokon assosiasjonar til Vestlandet. Det er ikkje nok klarheit i motivet.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Kan gje mange assosiasjonar som ikkje knyter seg til bestillinga.
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: B

Motivgruppe: natur og landskap



Framlegg til blasonering:
Manglar


Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Usikkert på om dette er gjort.
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ueinigheit i komiteen om dette.
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Motivet er for urolig og ein mister fokus. Den negative versjonen fungerer betre. Godt komponert men gjev mange ulike positive og negative assosiasjonar som er irrelevante.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Originalt fargeval, men det gjev ikkje eit godt resultat. Fargen er det grunnleggande problemet for forslaget då det er ein liturgisk farge. Ein farge som vi ikkje assosierar med fylkesvåpen.
Er motivet samlande og treffande for vestland fylke?	Nei, det er ikkje tydeleg og engasjerande nok.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	
Samla vurdering	Ueigna

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: B

Motivgruppe: kultur og historie



Framlegg til blasonering

Manglar


Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Usikker på om dette er utført.
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	For mange detaljar som ikkje heng saman. Forslaget er for svakt visuelt, avhengig av ein forklaring for å forstå symbolikken. Bruken av fletteband er i tråd med bestillinga. Skiljet mellom utanfor og innanfor kan gje uheldige assosiasjonar. Kan og gje positive assosiasjonar til folkekulturen.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Originalt fargeval, men det gjev ikkje eit godt resultat. Fargen er det grunnleggande problemet for forslaget då det er ein liturgisk farge. Ein farge som vi ikkje assosierer med fylkesvåpen.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Uvisst. Komiteen er usikre på om dette forslaget kommuniserer godt nok.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Dette er eit godt svar på ei vanskeleg oppgåve. Komiteen er delt på om det visuelle er godt nok. Men samla om at fargen gjer forslaget ueigna som fylkesvåpen.
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: B

Motivgruppe: samtid



Framlegg til blasonering:
Manglar

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Usikker på om dette er gjort.
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Den har bevegelse og energi, men er vanskeleg å assosiere med bestillinga. Prøver å sei for mykje.
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Designet er ok, men det seier lite. Fin symmetri, men motivet er ikkje visuelt truverdig. Kan lesast som både eitt og fleire motiv. Bruken av fire element har ingen talsymbolikk knytt til fylket. Gir meir assosiasjon til rosemåling og kultur enn til energi.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Originalt fargeval, men det gjev ikkje eit godt resultat. Fargen er det grunnleggande problemet for forslaget då det er ein liturgisk farge. Ein farge som vi ikkje assosierer med fylkesvåpen.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Uvisst.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: B

Motivgruppe: byrået sitt forslag



Forslag til blasonering:

Manglar

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Usikker på om dette er gjort.
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Det er ei fin stillisering og detaljering. Motivet kan gje mange ulike assosiasjonar, til dømes bispestavar og paraplyhandtak. Det er uheldig at det liknar mykje på ein annan logo. Kvifor fire element? – det vert litt for balansert.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Originalt fargeval, men det gjev ikkje eit godt resultat. Fargen er det grunnleggande problemet for forslaget då det er ein liturgisk farge. Ein farge som vi ikkje assosierar med fylkesvåpen.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Uvisst.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: C

Motivgruppe: natur og landskap



Framlegg til blasonering:

Venstre skrådelt av sølv og grønt, første felt skrådelt av grønt og sølv, første felt delt av grønt og sølv.


Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Forslaget er kontrollert av heraldikar Geir Nordhus
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja.
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Motivet appellerer ved at linjene gjev eit fokuspunkt. Spissen som treffer skaper ein spenning og dynamikk. Det har ein god form og er eit enkelt men sterkt våpen. Klassisk heraldisk motiv – i ein heraldisk kontekst har det historiske røter samstundes som det er moderne.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargebruken er tilpassa motivet. Det grøne gjev gode assosiasjonar til Vestlandet og til det velkjende frodige landskapet. Dette er ein farge som går igjen over heile fylket og vil vere samlande.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Ja
Andre merknadar frå fagkomiteen.	
Samla vurdering	Godt eigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: C

Motivgruppe: kultur og historie



Framlegg til blasonering:

I grønt en sølv skive med et grønt kvadrat i midten.


Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Forslaget er kontrollert av heraldikar Geir Nordhus
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Sirkelen er tilpassa skjoldet si form. For stort fokus på geometriske figurar i flata. Når dei vert flytta frå skjoldflate til flaggflate vert det mindre attkjennande. For likt eit anna symbol/logo.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargebruken er grei, men er ikkje spesielt tilpassa dette motivet.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Nei.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Det står meir fram som ein logo enn eit våpen.
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: C

Motivgruppe: samtid



Framlegg til blasonering:

I grønt tre sølv vertikale strenger, samlet i stolpe og utbøyd mot skjoldfoten.


Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Forslaget er kontrollert av heraldikar Geir Nordhus
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Motivet er ein god ide og har ein viss bevegelse. Det har ein umiddelbar appell, men står ikkje fram som originalt.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargevalet gjev meining saman med motivet, med dei grønne liene som omgjev fossane.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Motivet er samlande.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Motivet engasjerer ikkje.
Samla vurdering	Eigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: C

Motivgruppe: byrået sitt forslag



Framlegg til blasonering:

Kløyvd av sølv og grønt, i venstre felt tre sølv strenger, to i øverste halvdel og en i den nederste.

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Forslaget er kontrollert av heraldikar Geir Nordhus
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Fin stillisering av dei tre fjordane og dei fire grønne delane. Det har ein balanse utan å bli for symmetrisk. Det er lett å forklare og lett å fatte. Motiviet er tidlaust, og krev ingen spesifikke førehandskunnsapar. Komposisjonen vert litt flat.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargebruken er tilpassa motivet. Det grønne gjev gode assosiasjonar til Vestlandet og til det velkjende frodige landskapet. Dette er ein farge som går igjen over heile fylket og vil vere samlande.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Ja
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Det er ein motivtype som har synt seg å ha stor folkeleg støtte.
Samla vurdering	Godt eigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: D

Motivgruppe: natur og landskap



Framlegg til blasonering:
Manglar


Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Ja
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja.
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Det er eit motiv som prøver å fange opp mange moment med Vestlandet. Men det vert litt for mykje symbolikk på ein gong, noko som fører til for mange linjer som gjer motivet rotete. Det gjer seg dårleg overført på ulike flater, som til dømes bil og buttons.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargebruken er ok
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Ja
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Mange linjer som tilsynelatande dannar tilfeldige figurar.
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: D

Motivgruppe: kultur og historie



Framlegg til blasonering:


Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Ja
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja, men det er ei vid tolking av forståinga av veband.
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Symbolikken med vebanda som tvinnar seg saman til ei klubbe gjev ein sterk symbolikk. Motivet har ein fin dynamikk, men vert for industriell og gjev feil assosiasjonar
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargane er ikkje spesielt godt eigna og gjev feil assosiasjonar, samt assosiasjonar til andre logoar.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Uvisst.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: D

Motivgruppe: samtid



Framlegg til blasonering:
Manglar

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Ja
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja, men det er ei vid tolking av bestillinga.
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Gir mange ulike assosiasjonar men ingen som er knytt til temaet. Det er ikkje spesielt god utfylling av skjoldflata. Stilliseringa er ikkje i tråd med temaet. Detaljane er dårleg utført spesielt i overkant av V'en.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargevalet er ok.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Nei, det skil fylket i tre landskapsdelar.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Gir assosiasjonar til dyrehovud.
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: E

Motivgruppe: natur og landskap



Framlegg til blasonering

På blå botn tre tagger i hvit strek. Skjoldfot verrdelt i tre streker i hvitt.

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Usikker
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	God ide, men utføringa vert for komplisert. Det er i overkant geometrisk og speglar dårleg att naturen. For mange linjer i motivet gjer det rotete, utan fokuspunkt og det er vanskeleg å få fram assosiasjonane. Det er fint, men komposisjonen vert for komplisert.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Ja.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Ja.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: E

Motivgruppe: kultur og historie



Framlegg til blasonering

På råd botn sirkelformet motiv bestående av 8 ganger repeterende vinkel og strek.

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Fagkomiteen stiller spørsmål om meininga og assosiasjonane til bokstavane v og i? Forma sluttar ein sirkel, denne kan minne om andre symbol. Har løyst sirkelmotivet på ein ok måte, men det verkar lite originalt. Motivet er for lite originalt til at det har ei lang levetid.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Ja
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Usikker
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Meir preg av firmalogo og ikkje eit fylkesvåpen. Usikker på om det visuelle i dette forslaget vil stå seg over tid.
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: E

Motivgruppe: samtid



Framlegg til blasonering

På blå botn bølgeformet motiv i hvitt repetert 3 x 3 ganger.

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Det er enkelt og har bevegelsar, er attkjenneleg. Det er ein god stillisering og tolking av bølger og vind. Komposisjon er godt balansert. Klassisk og trygt men det er litt lite originalt.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargane understrekar bølger, vind og energi.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Ja, mange har tilknytning til vatn og energi/vind.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Motivet vil stå seg over tid.
Samla vurdering	Godt eigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: E

Motivgruppe: byrået sitt forslag



Framlegg til blasonering

På blå botn sirkel i hvit strek på skjoldfot fylt med bølgemotiv i tre hvite streker.

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Godt balansert komposisjon, handverks messig bra. Kan gje assosiasjonar til uniformsmansjettar ved bruk av kombinasjonen av sirkel og tre bylgjer. Mykje rørsle og energi. Forslaget er enkelt, men litt for snilt.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Ja, det er i tråd med dei heraldiske reglane under føresetnad av at kvitt vert tolka som sølv.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Gir ikkje assosiasjonar til Vestland fylke.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	Blir for mykje bilde og for lite fylkesvåpen. Fagkomiten er delt i vurderinga om den er eigna.
Samla vurdering	Ueigna.

Fagkomiteen si vurdering av forslag til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune

Tilbydar: Folkefavoritten

Motivgruppe: natur og landskap



Framlegg til blasonering

Vurdering

Kriterium	Fagkomiteens merknadar
Er formell kontroll utført?	Ja, og juridisk kontroll syner at det her er risiko for opphavsrettsleg konflikt.
Er forslaget i tråd med ordlyden i bestillinga?	Ja
Utforminga av motivet i forhold til: <ul style="list-style-type: none">- Utfylling av skjoldflata- Stilisering- Detaljar- Flateteikning	Blir for mykje attgjeving av kyststripa, for lite symbol og for mykje kart i komposisjonen. Utføringa av detaljane i komposisjonen er ikkje overtydande nok. Flateteikninga er for naturtru og hellinga av nord-sør aksen gjev komposisjonen ein dårleg balanse. Forslaget burde forenklast og stiliserast.
Er fargebruken innanfor dei heraldiske retningslinene? <ul style="list-style-type: none">- Få fargar (ein farge og eitt metall)- Rein farge- Nyansar/sjatteringar	Fargane er godt tilpassa motivet.
Er motivet samlande og treffande for Vestland fylke?	Ja, dette forslaget er stemt fram av innbyggjarane.
Andre merknadar frå fagkomiteen.	
Samla vurdering	Ueigna.